

Kor mange opplever mobbing?

Dei aller fleste barn trivst på skolen og i barnehagen, men det må vi ikkje bruke som ei kvilepute. Det er mange barn som opplever mobbing og plaging.

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 26.01.2018

Mobbing og plaging i barnehagen

- 12 prosent av barna blir ofte plaga, ifølgje ei spørjing av ca. 170 barnehagebarn i Sør-Trøndelag.
- 67 prosent av dei tilsette seier at mobbing skjer i deira barnehage, viser ei spørjing blant 81 tilsette ved 6 barnehagar i Kristiansand kommune.

Mobbing og plaging på skolen

I Elevundersøkinga svarer elevane på kor ofte dei er blitt mobba dei siste månadeene. Den siste Elevundersøkinga er frå hausten 2017.

- 6,6 prosent svarer at dei blir mobba to til tre gonger i månaden eller oftare. Det er eit samla tal for elevar som i ein eller anna kombinasjon blir mobba av medelevar, vaksne på skolen eller digitalt av medelevar.
- 5 prosent blir mobba av andre elevar to til tre gonger i månaden eller oftare. Av desse svarar i overkant av 40 prosent at ingen vaksne visste om mobbinga. 16 prosent svarar at skolen visste om mobbinga, men ikkje gjorde noko.
- Det er flest elevar som blir mobba av elevar i gruppa eller klassen, og dernest av andre elevar på skolen. Mobbinga blir mindre med alderen, men aukar i 9. og 10. klasse.
- 2 prosent svarar at de blir mobba av vaksne på skolen to til tre gonger i månaden eller oftare.
- 2 prosent svarar at dei blir mobba digitalt av andre elevar to til tre gonger i månaden eller oftare.

Mobbing og plaging på nett

- 7 prosent mellom 9 og 16 år har opplevd at nokon har vore slemme eller mobba dei på nett eller spel det siste året, viser undersøkinga Barn og medier 2016 frå Medietilsynet.
- 5 prosent har opplevd å bli truga.
- 4 prosent har minst éin gong den siste månaden opplevd at nokon la ut eit bilete av dei som gjorde dei triste eller sinte. Denne delen er sterkt aukande med alderen, og dessutan monaleg høgare blant jentene enn blant gutane.
- 1 av 5 mellom 13 og 16 år har opplevd å få uønskete seksuelle kommentarar på nett det siste året.

Dei fleste barn og elevar har gode venner

Men ikkje alle....

- 94 prosent har alltid eller ofte nokon å vere saman med i friminutta, viser Elevundersøkinga frå 2016.
- 49 prosent av barna opplever at dei har mange gode venner i barnehagen og 33 prosent at dei har *nokre* gode venner, ifølgje spørjinga av cirka 170 barnehagebarn i Sør-Trøndelag.
- 17 prosent har få venner. Under 1 prosent fortel at dei ikkje har gode venner i barnehagen.